



Riks- og fylkesvegane i fjordfylket må skred- og rassikrast.

Sogn og Fjordane er det fylket i landet som er mest utsett for skred. På fylkesvegane våre er det registrert 280 skredpunkt i fylket. 80 av desse skredpunktene er i skredfaktorgruppe høg. For å sikre desse punkta i kategori høg er det stipulert eit behov på 8,6 mrd. 2015 kroner. I tillegg kjem skredsikring av riksvegane våre. Ras- og skredsikring må prioriterast. Det er viktig å oppretthalde målsetjinga til Nasjonal ras sikringsgruppe om at det offentlege vegnettet skal vere sikra innan 2030. Skal dette vere mogeleg å gjennomføre må løyvingane aukast monaleg. Det å ha ein vel fungerande og effektiv infrastruktur gjennom vegnettet er avgjerande for både busetnad og næringsutvikling. Det er ikkje akseptabelt at hovudfartsårer som E39, E16, RV13, RV5 eller RV15 blir stengt i fleire døgn på grunn av ras. Det er ikkje til å leve med at viktige riks- og fylkesvegar i Sogn og Fjordane vert stengde på grunn av skred og skredfare. Det er ei psykisk og fysisk påkjening å køyre og ferdast på ras utsette vegar. Også for familien heime er det ei påkjening å veta at dei nærmaste er ute å köyrer på farlege og ras utsette vegar.

Difor krev LOs regionkonferanse i Sogn og Fjordane at

- **Ras sikring MÅ prioriterast både i NTP og statsbudsjettet. Fylkeskommunane må få tilført økonomiske midlar slik at fylkesvegnettet kan tryggast må ras og skred.**
- **Infrastrukturen i Sogn og Fjordane er særleg sårbar for klimaendringar, og effektane av desse på infrastrukturen må difor i større grad kartleggleggjast, overvakast og ikkje minst reduserast.**
- **At der blir avsett tilstrekkeleg med midlar nasjonalt slik at ein kan ras sikre riks- og fylkesvegane innan 2030 i tråd med den nasjonale målsetjinga.**

Med helsing

LOs Distriktskontor i Sogn og Fjordane

Nils Petter Støyva/s/
Sekretær for regionkonferansen